

# Presiseringar kravspesifikasjon open anbodskonkurranse vinterdrift 2019 – 2022 i Alver kommune

## Forhold til publikum

Klagar, førespurnadar og anna kontakt frå publikum gjeldande utføring av vintervegshaldarbeidet skal visast vidare til kommunen sin vakthavande pr. telefon. Vakthavande vil loggføra og vidareformidla desse førespurnadane til Vegavdelinga.

## Rapportering

Data frå GPS-loggen vil vere grunnlag for fakturering. Denne vert og brukt av kommunen som kvalitetskontroll mot fakturagrunnlaget.

## Krav til utstyr

Leverandøren held alle maskiner og utstyr som er naudsynt for gjennomføring av oppgåvene på den enkelte rode. Vedlikehald og reparasjonar er leverandøren sitt ansvar, og må i sin heilheit betalast av denne. Naudsynt oppstillings- og lagerplass for maskiner og utstyr vert og halde av leverandøren.

Leverandøren må, innan kontraktperiodens oppstart, leggje fram for godkjenning ei oversikt over utstyr som skal nyttast ved utføring av kontraktarbeida. Følgjande krav til utstyr er gjeldande:

- Traktor med minimum 100 hk.
- Frontmontert brøyteutstyr, til dømes plog/kommunalblad, eller tilsvarande. Kravet gjeld for roder med asfalterte vegar.
- Bakmontert skjær med hjul (grusvegar).
- Slitestål må haldast av leverandøren.
- For rodane 8, 9, 17, 19, 22, 27 og 28 må det i løpet av vintersesongen 2019/2020 skaffast tallerkenspreamer som er moglege å styre frå førarhuset. Viss det er ynskje om det, kan kommunen gjere felles anskaffing av dette utstyret.